

Masfjorden kommune  
5981

---

<b>Dato</b>	04.05.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/3346-14
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Signe Gudveig Rauboti
<b>E-post</b>	Signe.Gudveig.Rauboti@vlfk.no
<b>Telefon</b>	92639736

## Tilbod om å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i Gulen og Masfjorden utvikling AS

Vi syner til tidlegare kommunikasjon om at Vestland fylkeskommune ønskjer å avhende aksjane i Gulen og Masfjorden utvikling AS, m.a. brev til selskapet og med kopi til eigarkommunane og SIVA den 18.03.2022.

Vestland fylkeskommune har, saman med SIVA, tidlegare kommunisert at vi ønskjer å tilby sal av aksjane til andre eigarkommunar til marknadspris, der marknadspris tek utgangspunkt i ei verdivurdering av selskapet. Vi har også kommunisert at vi er opne for ei løysing der ein set ned selskapet sin aksjekapital og overkursfond, og tilbakebetalar kapital tilsvarande våre respektive verdiar.

Fylkeskommunen og SIVA sitt initiativ var tema i to eigarmøte i selskapet i 2022, den 30.06.22 og den 30.11.22, men utan at vi eigarane klarte å kome fram til ei felles forståing av kva som var rett verdivurdering av selskapet og kven som hadde skote inn kva ved skipinga.

Fylkeskommunen og SIVA tok før møtet i juni utgangspunkt i følgjande verdivurdering, utarbeidd av SIVA, der innskoten eigenkapital er fordelt etter eigardel:

Per 31.12.21 (2020-tal i parentes)	Totalt	Siva sin del (24,8% av aksjane)	VLFK sin del (32,1% av aksjane)
Eigenkapital	18.568' (17.345')	4.605' (4.302')	5.969' (5.568')
Innskoten aksjekapital	5.156'	1.278'	1.655'
Innskote overkursfond	10.417'	2.583'	3.344'
Sum innskoten eigenkapital	15.573'	3.862'	4.999'
Opptent eigenkapital	2.995' (1.772)	743' (439')	961' (569')
Disponert kapital (aksjar og lån)	2.970'	737'	953'
Fri likviditet (inkl plassering i fin. instr.)	15.796' (14.560')	3.917' (3.610')	5.071' (4.674')
Fri likviditet ex opptent EK	12.801' (12.788')	3.175' (3.171')	4.109' (4.105')

SIVA følgde opp med ein e-post 02.03.23, der skipings- og innskotshistorikken vert oppsummert, og ønskja om utgang framhaldne på ny.

I PS 18/2023, handsama 15.03.23, fekk fylkestinget lagt fram for seg ytterlegare informasjon om skipings- og innskotshistorikken for selskapet.

Både fylkeskommunen og SIVA sin gjennomgang av innskotshistorikken syner at fylkeskommunane til saman har skote inn følgjande eigenkapital i GMU:

	Aksjekapital	Overkursfond	Sum eigenkapital
Hordaland	500 000	1 000 000	1 500 000
Sogn og Fjordane	1 156 250	2 968 750	4 125 000
Sum	1 656 250	3 968 750	5 625 000

Sidan det framleis føreligg noko usemje om innskotshistorikken, held fylkeskommunen fast på utgangspunktet om ei høvesvis fordeling av innskoten eigenkapital etter eigarprosent, sjølv om VLFK sin prosentdel av innskoten kapital vil utgjere om lag 600 000 kr mindre enn det VLFK sjølv har kome fram til at dei tidlegare fylkeskommunane har skote inn.

Eigenkapitaloversikta attgjeven over syner eigenkapital per 31.12.21, og oppdaterte tal kan avvike frå tala som går fram her. Tala som syner innskoten eigenkapital vil likevel vere konstante. Fylkeskommunen gjer ikkje krav på noko av den opptente eigenkapitalen. Fylkeskommunen har heller ikkje utarbeidd noko oversikt over tilskotshistorikken, men har merka oss den tilsendte oversikta frå Masfjorden kommune, datert 13.03.23, og informasjonen om at kommunane samla sett har ytt 11,7 mill. kr i driftstilskot til selskapet i perioden og Sogn og Fjordane fylkeskommune til saman 1 mill. kr dei første to åra etter skiping. Masfjorden kommune viser også til at det frå starten av var drøfta om drifta kunne finansierast av avkastning frå eigenkapitalen, men at det vart konkludert med at dette ikkje ville gje nok kapital.

Deler av Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt innskot skriv seg frå ein retta emisjon i 2009. Sogn og Fjordane fylkeskommune teikna seg då for 2 625 nye aksjar, pålydande kr 250, til kurs kr 1 000. Innskotet utgjer i sum 2 625 000 kr. Midlane nytta i emisjonen skal i utgangspunktet ha vore tiltenkte ei investering i kai, og fylkestinget har vedteke at denne delen av den innskotne kapitalen skal trekkast frå når fylkeskommunen tilbyr sal av aksjane eller i samband med nedsetting av aksjekapital og overkursfond med tilbakebetaling til VLFK, basert på VLFK sin prosentvise del av eigenkapitalen.

Frå fylkeskommunen sitt signaliserte krav på 4 999 000 kr vil vi derfor trekke frå 2 625 000 kr. Fylkeskommunen sitt tilbod er derfor kjøp av aksjane til **2 374 000 kr**. Alternativet er at selskapet set ned aksjekapital og overkursfond tilsvarande. Både omsetjing av aksjar og nedsetjing av selskapskapitalen må gjennomførast i tråd med aksjelova sine reglar om dette.

Selskapet vil etter nedsetting framleis ha eit svært solid økonomisk fundament, og gode moglegheiter til å realisere selskapet sine føremål og strategiar.

Fylkeskommunen imøteser dykkar attendemelding på dette, og håpar vi deretter kan kome saman for å drøfte den vidare saksgangen i eit eigarmøte.

Med helsing

**Signe Rauboti**  
juridisk seniorrådgjevar  
ORO - Juridisk seksjon

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til

Gulen og Masfjorden utvikling AS  
SIVA